

# Protokoll frå årsmøtet i friidrettsgruppa, OIL, 2016



Tysdag 1.mars, kl. 19.30, i klubbhuset på Hatland

## Desse møtte:

Helga Reigstad, Arne Reigstad, Bjarte Lohne, Sonja Loftås, Herdis Helle, Karoline Loftås; Marit Iren Reigstad

## Saksliste

SAKNR	SAK
1	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b> Godkjent utan merknader
2	<b>Val av ordstyrar</b> Bjarte Lohne vart vald til ordstyrar.
3	<b>Val av referent</b> Herdis Helle vart vald til referent
4	<b>Godkjenning av årsmeldinga 2014</b> Årsmeldinga vart godkjent med mindre endringar, og ligg som vedlegg til protokollen slik ho vart vedtatt.
5	<b>Rekneskap 2015 – Budsjett 2016</b> Rekneskapen vart godkjent utan merknader. Framlegget til budsjett vart vedtatt med mindre endringar, og ligg som vedlegg til protokollen slik det vart vedtatt
6	<b>Val av utsendingar til kretstinget og landstinget</b> Frank Loftås, Sonja Loftås og Arne Reigstad vart valde som utsendingar til kretstinget, men det er pt. ikkje endeleg avklart om dei får høve til å reise.
8	<b>Val av nytt styre</b> Valnemnda har bestått av Åse Bergheim (leiar), Tore Hannsidal og Frank Loftås. Ingen frå

---

valnemda møtte, men dei hadde sendt fylgjande framlegg til årsmøtet:

Leiar: Herdis Helle (2016)

Kasserar: Arne Reigstad (2016-2017)

Bjarte Lohne: Oppmann junior/senior: Bjarte Lohne (2016-2017)

Oppmann gutar/jenter: Sonja Loftås (2016)

Styremedlemmer:

Karoline Loftås (2016)

Martin Loftås Kåstad (2016)

Marianne Solberg (2016)

Varamedlem:

Helga Reigstad (2016)

Årsmøte la valnemnda sitt framlegg samrøystes til grunn, likevel slik at Bjarte Lohne vart vald til nestleiar.

---

## **9 Oppnemning av ny valkomité**

Årsmøtet gjorde framlegg om og valde Bjarte Vik, Tore Hannisdal og Ingrid Mjelde Birkeland til ny valnemnd. Bjarte Vik vart vald til leiar i valnemnda.

---

Herdis Helle  
-referent-